

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 22.03.2021

Handsaming i møte

Klaus Iversen (V) foreslo å starte forvaltningsrevisjon innan fylkesvegforvaltninga eller styring og kontroll med investeringar.

Ingrid Handeland (V) ønskjer å prioritere kvalitet i opplæringa.

Lars Fjeldstad (SP) meiner at ein skal halde seg til vedteken plan.

Renate Møgster Klepsvik (FrP) foreslo kvalitet i opplæringa og fylkesvegforvaltninga.

Dan Femoen (H) er tilhengar av å følgje fylkestinget sin vedtekne plan.

Irlil Schou Johansen (H) meiner også kvalitet i opplæringa og fylkesvegforvaltninga.

Det vart semje om å bestille to forvaltningsrevisjonar no. Det vart gjennomført avrøysting som resulterte i samrøystes vedtak om å gjennomføre forvaltningsrevisjon av «Kvalitet i opplæringa».

Når det gjeld avrøysting mellom «Satsing på digitalisering» og «Fylkesvegforvaltninga» fekk dei høvesvis 3 og 4 stemmer, og «Fylkesvegforvaltninga» vart vald.

På bakgrunn av dette kom kontrollutvalet med slike problemstillingar/moment til kvart av dei to valde områda:

Kvalitet i opplæringa

- Har dei sårbare gruppene fått tilstrekkeleg opplæring som konsekvens av pandemien
- Fråfall
- Er det vikarar tilgjengeleg
- Har ein tilgang til rett kompetanse blant lærarane
- Grunna pandemien ta med spesialundervisning som ein opsjon?

Fylkesvegforvaltninga

- Forholdet mellom gul stripe og fergestrekningar
- Tuneller og oppgradering til 2025
- Vedlikehald
 - Er det gjort berekningar på etterslepet
- Er det god nok flyt i prosjekta
- Tar det for lang tid å komme i gang
- Internkontrollsystem
- System og rutinar
- Kapasitet og kompetanse
- Mangelfull måloppnåing
- Kapasitetsutfordringar

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan «Kvalitet i opplæringa» og «Fylkesvegforvaltninga».

2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplanar i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplanar bes levert sekretariatet seinast innan 19.04.2021.
4. Prosjektplanane skal leggjast fram til godkjenning i neste møte i kontrollutvalet.